


K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

September 1992

46. årg.



*Kjære Gud, når eg bed,
lat min tanke få kvile i fred,
frå alt stresset i verda omkring,
og all uro for daglege ting.
Lat din kjærleik få trengje seg inn,
slik at han kan forandre mitt sinn.
Lat oss alle som trur på ditt ord,
vera saman i bøn for vår jord.*

*Hjelp meg, Gud til å gi
både pengar, arbeid og tid
i den tenesta der eg er sett
slik at eg kan forvalte den rett.
Gi meg kraft til å dele mitt brød
med dei menneska som er i nød.
Hjelp meg søkje fornying og fred.
Høyr meg, kjære Gud, når eg bed.*

R. Carmichael v/l Arne Myskja

HELING FRÅ TAIWAN

Skuggen av eit tre

-var det me sat denne varme og fuktige dagen, me er velsigna med ein frodig hage. Julestjerner, banan-palmar og mormbærtre. Me har ein god kinesisk venn og han var på besøk saman med ein medstudent.

N.M.S. har hatt arbeid i mange år på studentsenteret her i Taichung. Der vart me kjende med Paul - eller Shen Kau Chira, som han eigentleg heiter.

Chen Lin In fortel at namnet hennar betyr - i treets skygge. Me kjem i prat. Hennar engelske namn er Emely.

Samtalen går på engelsk. Studentane er ivrige etter å auka sine engelsk-kunnskapar. For meg som arbeider i eit norsk/amerikansk miljø til dagleg og ikkje har meir kinesisk - mandarin dialekt - enn overlevingskurs, er det ein føresetnad å kunna kommunisera på engelsk.

Eit par gonger har eg vore vikar for tillitsmannen vår som har faste engelskkurs gåande på studentsenteret. Litt erfaring har eg altså fått og det er fint. Eg er plassert i kinesisk kyrkjelyd saman med N.M.S. misjonær Grønvold til engelskundervisning neste år. Det vert i Hong Kong. Emely er lærarutdanna og gler seg til å få ein omvisning på Morrison Academy der Den Norske skolen på Taiwan ligg, og for såvidt er ei grein av sjølv om me driv ein heilt normal grunnskule etter norske lover og sorterer under skoledirektøren i Oslo.

Eg forklarar vidare at våre norske elevar såleis vert veldig flinke i engelsk, eller rettare sagt amerikansk. Guten vår har framleis Alabama-slang etter Miss Johnsten som



Emely og eg i klasserommet på Det Lutherske Seminaret i Hsinchu.

va' læraren hans i Kindergarten.

Emely fortel om si lærarutdanning, om jobben sin, familien sin. Etter kvart kjem ho fram til sin noverande ståstad Det Lutherske Seminaret i Hsinchu. I eit år har ho vore deltidsstudent der samstundes som ho har undervist i engelsk i grunnskulen.

-Kva var det som fekk henne til å villa vera på Presteseminaret?

-Det er noko som er veldig rart, seier ho. Mi beste venninne frå barneåra i Tainan er dotra til pastoren i kyrkja der. Derfor vart eg ofte med henne dit når det var gudsteneste eller andre tilstellingar. Det var greit nok, men eg ville vera i fred for meire personleg snakk om den kristne bodskapen.

-Eg forstår kor vanskeleg det må ha vore for venninna mi å ikkje kunna dela med meg det som er størst og viktigast i livet - frelsa i Herren Jesus. Ein søndag eg var med venninna mi i kyrkja kjende eg trong til å ta imot Jesus. Då pastoren spurde om eg ville verta ein

kristen svara eg ja. Eg begynte så på dåpsundervisning, og eit år etter vart eg døypt. Det er fire år sidan no. Framleis er eg den einaste i slekta mi som har tatt imot Jesus. Eg har fått eit nytt liv. Her om dagen var eg på besøk hjå Emely i heimen hennar i Hsinchu. Fedre-alteret hadde ein framtrédande plass i stova. Dette er velståande folk, så dei hadde eit særst stort eit. Der vert det ofra til fedreåndene. Matoffer er vanleg. På dei store bai-bai dagane (offerdagar) kan det nok vera vanskeleg for Emely å markera seg som ein kristen. Då er det nemleg skikk og bruk å bøya seg og tilbe. På slike dagar får dei kristne på Taiwan samstundes markera skille mellom respekt og tilbeding.

For det står skrive:

Såvisst som eg lever, seier Herren, for meg skal kvart kne bøya seg, og kvar tunge skal prisa Gud.

Rom. 14,11.

Vil du vera med å be om at Emely vert bevart i dåpsnåden. Be om at ho må få familien med seg på himmelvegen.

Kvar den som kallar på Herrens namn, skal verta frelst.

Rom 10,13.

Helsing Reidun Laastad Dyvik.

Dersom nokon vil skriva til Reidun og

Odd no er adressa:

Block B, Albert Villa 1/F

27 Sha Tin Heights Rd

Shatin, N.T.

HONG KONG

**VIGSLER UTFØRES
hurtig og fagmessig.
Ingen kostnader.
Prestane i Vaksdal.**

AKSJONSVEKE I BERGSDALEN

Det vert aksjonsveke i Bergsdalen 6.-11. oktober. Talar vert Magnus Solbakk. Han arbeidar i Nordhordland Indremisjon og mange kjenner han sikkert frå aksjon på Vaksdal der han var saman med Johannes Blom for eit par år sidan.

SØSKENBÅND

Her er så mange venner ja, både store små som vondt i barmen kjenner når hjertet deres slå.

Vi føler sorg og smerte for deg vår søster bror at i ditt eget hjerte er smerten ofte stor.

Ja, det må oss bevege vi disse hjelpe vil så de kan få den lege just som de trenger til.

Ja, det vil alle glede for liten og for stor når vi kan byrder bære hverandres her på jord.

Ja, alltid giltid å ile ja, like til deg hen å der i sammen hvile hos Jesus Frelseren

Da smelter hjerter sammen når kjærligheten rår for ekte hjertevarmen den lindrer alle sår

John Støle

Den dagen lønnskontoen min hadde fått ny forsyning av penger, så jeg straks at gribbene var på vingene. De sirklet lavt over hodet mitt og utstøtte varselrop i form av tiggerbrev, informasjon og giroblanketter.

Jeg dukket. Jeg søkte ly bak et sprinkelgjerd av egne behov og familiens krav. En gang imellom kastet jeg noen sedler til fuglene, så de skulle holde seg på avstand en stund, men jeg visste at de kom tilbake.

Det som plaget meg mest, var at jeg tilhørte gribbenes venner. Jeg visste at de var nyttedyr, jeg visste at det var tjenlig både for meg og resten av landet å ha dem her. Strengt tatt visste jeg også hvorfor jeg opplevde dem som gribber. Det var utsikten gjennom gjerdet som fikk dem til å se sånn ut.

En bibeltekst hjalp meg til å revidere bildene mine. Jeg fikk møte noen som handlet annerledes enn meg: «Helhjertet kom de med sine frivillige gaver til Herren». Og det var en mann som bad: «Skulle vi være i stand til å gi slike frivillige gaver? Nei, alt kommer fra deg; vi gir det vi har fått av deg ... Nå har jeg sett



1

GRIBBENE KOMMER!

Aksjonen er satt i gang og gjennomføres av MENTOR
Tekst: Vidar Kristensen Illustrasjon: Ruben

med glede at ditt folk som er til stede her, villig gir deg sine gaver. Herre, du Abrahams, Isaks og Israels Gud, våre fedres Gud! La alltid ditt folk ha slike tanker i hjerte og sinn, og vend deres hjerte til deg!» (1. Krøn 29).

Helhjertet og frivillig. Gi det vi har fått. I et glimt så jeg at det ikke sirklet gribber over meg. De sanne gribbene bodde i mitt eget hjerte. Når organisasjoner og menigheter trengte penger oppfattet jeg det som om de var ute etter å få kloa i meg. Men at de utfordret meg til frivillig offerglede, det var en fremmed tanke. Det bodde en grå-

dig fugl i meg som hindret meg fra å gi med hjertet.

Jeg skal fortelle deg mer om dette senere. Dette er bare den første av fem ganger vi skal møtes. Imens skal du få et refreng fra en sang å grunne på. Det er naboen min som har for vane å lære meg noen sangvers i ny og ne. Og jeg må innrømme at disse ordene ikke så lett slipper tak i meg:
*Pengene velsigner eller myrder.
Fattige er de som velstand har bedratt.
Vår rikdom er å bære andres byrder;
evnen til å ofre er vår skatt.*

Dette er den første artikkelen i en serie på fem, der vi ønsker å fortelle deg hva Bibelen sier om å gi gaver til kristent arbeid. Vi vil gjerne at du gir til arbeidet vårt, men håper at denne serien kan hjelpe deg til å gjøre det med glede. Fordi Gud vil, og ikke fordi vi «muser». En fast og ordnet givertjeneste er like viktig for deg som for oss.
Disse organisasjonene er med

Blå Kors, Den Norske Salmisjon, Den Norske Sjømannsmisjon, Det norske Diakonhjem, Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap, Det Norske Misjonsforbund, Hjemmenes Dåpsring, IKO, KABB, Norges Kristelige Student og Skoleungdomslag, Norges Samemisjon, Norsk Lærerkademi, Norsk Søndagsskoleforbund, Vårt Land Bladmisionen.

Trengst misjon idag?

Der finst nok mange som undrast på det. Og for ikkje så lenge sidan gjekk der ein film på Oslokinoar som skulle skildra all den skade misjonen gjorde på "naturfolka". Misjonæren kom til folk som levde sitt nær sagt paradisiske liv, øydela deira kultur og tradisjonar og førde inn sin eigen kultur til skade for samfunnet.

Og der har nok vore gjort feil, men trass alt, dei lever ikkje noko paradistilvære naturfolka heller. Formannen i Lærerinnenens Misjonsforening, Irene Bjørnsborg, mangeårig lærar ved ein Osloskule, fekk ein fem vekers tur til Etiopia ved siste årsskifte. Ho lærde litt om kva misjon vil seia.

Etiopia er vel ikkje rekna for så tilbakeståande som mange andre afrikanske land. Dei har ein gamal kultur, og kristendomen har hatt bra kår der til kommunismen overtok. No er det bra fritt igjen. Og Irene fekk reisa ikring på Misjonssambandet sitt felt og sjå på skular, sjukehus og det praktiske arbeidet. Blide og venlege folk treffe ho over alt. Og ho vart imponert over den fine byggeskikken på hyttene deira! Ein dag skulle ho vera med misjonæren til ein stad der misjonen nett hadde teke til. Etter tre timars køyring kom dei fram og vart vel mottekne av dei frå misjonen som arbeidde der. Der var få kristne på den staden, men mange var interessert i dette nye. Dei hadde leseklassar om kveldane, andaktar på klinikken og samlingar ellers. Nokre går også til dåpsundervisning. Irene skriv: "Men å bli en kristen betyr et stort og vanskelgi brudd med kultur og tradisjoner. En av dem som gjorde et

sterkt inntrykk, var barne- drapene. Dersom en kvinne blir gravid før det siste barnet har fått de tennene det skal ha, må begge barna dø. Eller hvis barnets tenner kommer først i overmunnen, må det dø. Barna bindes, og kastes utfor et fjellstup. Det er ikke foreldrene som er mindre glad i barna sine. Nei, slett ikke! Men fedreåndene krever det, ellers hevner de seg. Det er vonde tradisjoner, og der er mange av dem."

Ja, slik fortel ho, så serleg paradistisk har dei det ikkje alltid. Kanskje misjonen har ei oppgave likevel? Den einast makt som er sterkare enn åndene si makt, er evangeliet. Det frigjer. B.V.

NMS JUBILEUM I BERGEN

Søndag 20. september skal Bergen Krets av det Norske Misjonsselskap feira 150-års jubileet. Det ver Fest-Gudsteneste i Domkyrkja kl. 11.00 v/ Halfdan Tschudi Bondevik, familie-gudstneste i Årstad Kyrkje kl. 11.00. Kl. 12.30 vert det kyrkjekaffi i Terminus Hall. I foajen i Grieghallen vert det **Misjonstorg** frå kl. 16.30 til Misjonsfesten tek til kl. 18.00. På misjonsfesten vert generalsekretær Tor B. Jørgensen med som talar, og Marianne Juvik Sæbø vil syngja. Til festen må det tingast billett. Då kan ein ringja 05 31 00 61 eller ta turen til NMS, Ø. Korskirkealmenn. 9, 5017 Bergen.

Samtale med presten

Vi står til disposisjon for sa mtale. Avtal helst på telefon på førehand. Vi har teieplikt.

FRÅ VIGSELSRITUALET:

Kjære brudepar!

Gud har skipa ekteskapet, til glede og hjelp for oss menneske, for at vi skal stø kvarandre og nå fram til stendig djupare kjensle av å høyra saman i gode og vonde dagar.

Å leva saman som ektefolk er å leva i tillit og kjærleik, ha omsut for kvarandre og for heimen og halda trufast saman livet ut.

VIGSEL I ENKLE FORMER

er fullt mogeleg. Dei som finn at eit bryllup i den store stilen ikkje høver, kan gjera det enkelt og med få til stades - anten i kyrkja eller på prestekontoret, om det høver betre.

SEX OG EKTESKAP

Den som vil vera eit Guds barn, må òg lyda Guds bod. Guds bod for kvinne og mann er at det seksuelle samlivet høyrer til i ekteskapet.

Å liggja i lag utan vigsel er i strid med dette.

Mange tykkjer dette er eit hardt bod. Men tvertimot: Dette bodet er ei gåve. Gud veit jo kor mykje vanskar vi steller til for kvarandre. Kor mange sår som vert skapte mellom menn og kvinner. For å hjelpa oss til tryggleik og ryddige forhold har Gud gjeve oss ei fast ordning som ramme. Der denne ordninga vert respektert, har ein eit godt utgangspunkt for å greia brasene.

Men så får ein høyra: Ein må då prøva om ein passar i lag!? Til det er å svara: Ein prøvekjører ein bil, men ikkje eit menneske. Dersom ein ikkje likar bilen, kan ein setja han att i forretninga og gå vidare som ingenting. Men slik kan ein

ikkje handsama eit medmenneske.

Det er berre ein myte at ein må prøva om ein passar saman seksuelt. Dersom ein tek tid til mogning gjennom kjennskap og venskap, og ein vert glade i kvarandre - då vil alminneleg friske folk passa saman i det seksuelle òg. Og skulle ein ikkje kunne venta på kvarandre - dersom det verkeleg er kjærleik?

"Kan dei ikkje vera fråhaldande, så får dei gifta seg", seier Bibelen. Her er det ikkje rom for noko midt i mellom. Det går ikkje an å vera halvgift.

Kvifor kan vi ikkje seia det rett ut: At ordninga med sambuarskap eigentleg er noko stort tull!

Det vi treng i landet vårt no, er å styrkja den ordninga som gjev best hjelp til truskap og varig forplikting. Born og ungdom lid naud i Norge, fordi dette har vore forsømt.

Til slutt vil eg seia: Kristus vert aldri sjokkert over eit nederlag. Det skal den få høyra, som fall i ffreistinga. Kristus tek alltid imot den som kjem til han. Då møter han oss med nåde og tilgjeving. Og på dette grunnlaget gjev han oss kraft til å leva eit nytt og annleis liv.

Kjell Arne Norum

Godt sagt!

Ty efteråt skall du forstå
att just vid soluppgången
är natten särskilt kall
- men så begynner fågelsången.
(Harry Blomberg)



Ved rennende vann
FREDRIKSTAD 7.-11. JULI 1993

Heile kyrkjelyden til Kyrkjedagane i Fredrikstad i juli 1993.

Neste sommar er det klart for Norske Kyrkjedagar att, denne gongen i Fredrikstad. Tida er 7.-11. juli. Det vert fest, kultur, oppbygging og engasjement. -Kyrkjedagane skal vera livgjevande og kreative, seier Estrid Hessellund, prosjektleiar for Norske Kyrkjedagar 1993. Så kanskje ferien neste år budre leggjast til Fredrikstad.
(KIT)

"Gud er her til stede"

"At de alltid skal gjenta så mye av de samme ordene i kirken!" Mine tanker hadde funnet ord, og presset på. Det var liturgien jeg tenkte på. Far så opp fra boken eller avisen han leste i. Vi var alene i stuen. "Det er mot villfarelse", svarte han, og leste videre. Villfarelse, et alvorlig og skremmende ord. det gjaldt å ikke fare vill i troen, men tro og bekjenne og holde fast i sin tro. Liturgien kom inn i et nytt lys. Senere var det fint å finne ut hva Liturgien inneholdt. Bønn, synds-bekjennelse, trosbekjennelse, lovsang og velsignelse. Englesangen fra

Betlehemsmarken, "Ære være Gud i det høieste---", var tatt med i vekselsang med presten. Tollerens bønn i templet, "Kyrie eleison" - Gud vær meg synder nådig", var også kommet med. Jesus så om tollereren at han gikk rettferdiggjort hjem til sitt hus. Jesus garanterer for at denne bønnen blir hørt. Og så får vi velsignelsen - Guds velsignelse, slik Gud formet ordene da Han ville velsigne. 4. Mosebok 6,24-26. Moses fikk i oppdrag å bringe det videre. "Herren velsigne dig og bevare dig", takk, takk, takk.

I salmesangenes bønn og lovsang finner vi ord for våre tanker og følelser, og kan i vårt hjerte be med salmisten - "Jeg synger mine sanger, o Herre hør du dem."

Liturgiens røtter går tilbake til den første kristenheten. "Jeg vet på hvem jeg tror", bekjente Paulus. Senere fant menighetslederne frem til en felles bekjennelse og Liturgi. Ikke bare hos oss i Europa brukes det fast Liturgi. Det brukes over hele verden. På min første Gudstjenteste på misjonsfeltet i China, forstod jeg mest ikke et ord, men Liturgien kunne jeg følge med i. Den var den samme.

Skulle det være noen, barn, ungdom eller eldre som har den samme innstilling til Liturgien som jeg hadde, så la oss sammen takke Gud for Frelsens klare budskap, frimodig bekjenne vår tro og be om at villfarelsens armer aldri må få trenge sig inn i Guds menighet på jord.

"Et legeme, en Ånd, et håp, en Herre, en tro, en dåp, en Gud og alles Fader. Han som er over alle, og gjennom alle og i alle. Ef. 4,4-6.

Gunvor Bjørsvik

Jubileumskonkurransen for hele familien



Den 20. sept. 1992 starter vi NMS-150 års jubileum for Bergen krets, med flott misjonsgudstjeneste for hele familien i Årstad kirke, Bergen.

Vi utfordrer dere til å delta i denne misjonskonkurransen, som fører frem til premieutdeling i Årstad kirke. Førstepremien har en verdi av kr 1300,- og inneholder ett års abonnement på misjonsbladene Salto, Ny Horisont og Misjonstidende + gratis middag for hele familien på Hotel Terminus + fribilletter til jubileumsfesten i Grieghallen (20. sept kl. 18.00). I tillegg har vi 5 ekstra premier.



Sett i gang, og lykke til!

Oppgaver for barna:

1. Noen av bøkene i NT står skrevet her, men bokstavene er blitt byttet om. Hvilke?

- | | | |
|--------------|--------------|------------|
| 1) LGATAREEN | 3) ITTSU | 5) ATEMTSU |
| 2) RKMSUA | 4) EBHREENRE | 6) MERRNO |

2. Hvilke tilbud har NMS til deg som går i 1. - 6. klasse? (minst 4 aktiviteter)

Oppgaver for de voksne:

- Hvilke hovedsatsingsområder har NMS for 90/93? (4 områder)
- Hvem har laget jubileumssangen "Det viktigste"?
- Hvem er kalt "kvinneforeningenes mor"?

Formingsoppgave for hele familien:

Dere skal lage noe som uttrykker slagordet for 150-årsjubileet til NMS "Videre med det viktigste". Forslag: tegn, mal, sy, klipp, lim osv. Bruk fantasien!

Løsningen sendes NMS, Øvre korskirkealm.9, 5017 Bergen **INNEN 14. SEPT. 1992**

LYKKE TIL - LYKKE TIL - LYKKE TIL - LYKKE TIL

For å vera med må vaksne- barne- og hobbyoppgåva svarast på. Dei må vera poststempla sinast 14. september

Namn:.....

Adr.....

Postnr.....

NYNORSK BIBELORDBOK

Bibelselskapet reknar med at nynorsk bibelordbok er å få i bokhandelen frå i haust. Lektor Olav Grip har utarbeidd boka, som inneheld nokre av dei viktigaste namna i Bibelen i tillegg til å vera vanleg bibelordbok. Ho blir trykt i stort format og innbunden.

(KIT)

NYTT FRÅ SOKNERÅDA

Vaksdal Kyrkjegard

Det vert no bygd ein ny steingard langs den nyaste delen av kyrkjegarden. Han kjem i staden for det gamle netting-gjerdet, som gav dårleg skjerming mot vegen.

Gudsteneste-året

I fleire av sokna vert det no eit utvida samarbeid om planlegging av gudstenestene. Prestar, organistar, medlemmer av sokneårda og fleire vert trekte inn i dette. Bakgrunnen er gudsteneste-året som vi no er gått inn i i prestegjeldet vårt.

BIL SKYSS TIL VAKSDAL KYRKJE

Bur du i Hana, Stavenes, Sandvik eller Langhelle, så følg med i lokalpressa når det er gudsteneste i Vaksdal Kyrkje. Bernhard Knutsen har lova å kjøra. Det er berre å ringja han, helst dagen før, på tlf. **05 59 71 67** og tinga plass. Han startar omlag 1/2 time før gudstenesta tek til.

Dersom det vert for mange for ein bil får han tak i fleire sjåførar.

Turen kostar kr. 20. pr .person.

Velkomen til kyrkje både gamal og ung.

Tilbodet gjeld til alle.

VAKSDAL SOKNERÅD

GUDER...



... FARGEBLIND

ANNONSERING I KYRKJEBLADET

Vi har snakka med leiaren ved Kirkens Informasjonskontor. Han seier at kyrkjeblada stort sett er glade for kva dei får av annonser. Ein del stadar har kyrkjebladet òg delvis karakter av lokalavis. Hans eigen meining var at såvel husmørlag som Nei til EF burde kunna annonsera møte i kyrkjebladet. Litt vanskelegare kan det verta med agiterande annonser.

Vi føreslår på denne bakgrunn følgjande retningslinjer for annonsering i kyrkjebladet:

Vi tek imot annonser frå ulike organisasjonar. Vi seier nei til agiterande politiske annonser. Redaktøren bør avvise annonser som bryt med føremålet for kyrkjebladet.

For Kyrkjeleg fellestråd i Vaksdal
Kjell Arne Norum Oddny Kallestad

Visste du at i Den norske kyrkja i 1991

- * vart det gitt 92 millionar kroner i offer og kollektar
- * var det 43.407 konfirmantar
- * vart det gravlagt 43.654 personar
- * var det 1.155.607 nattverdgjestar
- * vart det halde 73.640 gudstenester
- * var det 104,7 personar på kvar gudsteneste i gjennomsnitt

Kjelde: Årbok for Den norske kirke 1992

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20
Res.kap. Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88
Mobiltlf.: 090 - 02992
Hugs, måndag er presten
sin fridag!

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60.-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten
5273 Stanghelle.
Tlf. 05 59 51 81
Kasserar: Asle Georg Karlsen
Boge, 5270 Vaksdal.
tlf. 05 59 70 32.
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.
Tlf. 05 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.

FRIST FOR STOFF OG ANNONSAR

til neste blad er 5. oktober, og bladet kjem ut i veke 44 som byrjar med 26. oktober. Velkomen med stoff eller annonsar.

ANNONSER

VED TIL SALS

kr. 63 pr. sekk, kr. 40 for småsekk (20 cm).
Kvantumsrabatt. Fritt tilkøyr.
Aage Lavik, tlf. 05. 59 58 11.

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE

07.06 Emil Hvidsten Hesjedal
07.06 Joachim Vedå Krogsrud
07.06 Mats Gjermo Schjønningsen
07.06 Martin Søvik Fossmark
07.06 Roald Rønhovalde
07.06 Pia Dahle Skjerveggen
07.06 Emelie Dahle Skjerveggen
07.06 Jannike Valestrand Wefring
21.06 Aina Sellevold
21.06 Gøril Hvidsten Søvik
16.08 Merethe Tvedt Grenasberg

Døypte i Vangskyrkja, Voss:

21.06 AriId Kvittingen
21.06 Kjetil Kvittingen

Døypt i Hove kyrkje, Vik

29.07 Anna Lunde Tenold

BERGSDALEN

24.05 Elisabeth Lid Trøen

STAMNES


12.07 Martin Thunestveit
01.08 Stine Bukkestein Trohjell
02.08 Morten Grenasberg
02.08 Joakim Vatlle Lilletvedt
02.08 Stian Dæmring Trondsen

EKSINGEDALEN

Døypte på Fagertun leirstad:
19.07 Eirik Ekeland Alvheim
19.07 Tonje Nerby

VAKSDAL

21.06 Helene Aarreberg Sæterdal
09.08 Monika Stavenes Åsen



Vigde

DALE

20.06 Jan Erik Bernes og
Anne Lise Roe
01.08 Jarle Johnsen og
Lena Jordalen

Vigde i Spjelkavik kyrkje:

11.07 Trygve Boge og
Kristin Bildøy

BERGSDALEN

29.05 Dan Berge og
Marit Nordgård

STAMNES


01.08 Arnt Rune Trohjell og
Ann-Karin Bukkestein

EKSINGEDALEN

27.06 Eli Kristine Nesheim og
Mahmoud Makhdomi Atashgahy

VAKSDAL

25.07 Richard Grøndal og
Kristin Herfindal



Godt sagt!

Den største gleder ein kan ha,
det er å gjera andre glad.
Men skal eg det målet nå,
då fyrst meg sjølv eg gløyma må.



Avlidne

DALE

25.05 Karin Tysse f.1971
03.06 Gerda Eik f.1909
10.06 Elisabet Marie Lie f.1908
14.06 Karl Berge f.1916
20.06 Bjørnvald Langhelle f.1922
16.07 Ingeborg Flage
19.07 Magda Hesjedal f.1921
23.07 Ingeborg Furnes f.1910
04.03. Birgit Lie f. 1939

BERGSDALEN

02.06 Ragnhild Lid

STAMNES

01.06 Karsten Olav Vik f.1921
22.06 Kåre Fjellanger f.1927
24.06 Malvin Reinhard Elvik f.1904
10.08 Margit Bjørkheim f.1909

NESHEIM


18.05 Ingvald Johan Gullbrå f.1908

EKSINGEDALEN

29.05 Brita Haugen Trefall f.1917

VAKSDAL

29.05 Johanna Amanda Skreien, f. 1907
01.06 Elida Knutsen, f. 1915
07.06 Mikal A. Bruvik, f. 1902
11.06 Johannes Farestveit, f. 1931.
21.06 Georg Nicolay Larsen, f. 1913
13.07 Bergljot Furubotn, f. 1917



VELKOMEN TIL KYRKJE



13.september - 14.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Norum.Nattverd.

BERGSDALEN kl.16.Norum.Nattverd.Offer til Fagertun leirstad.

20.september - 15.søndag etter pinse

DALE kl.11.Norum.50 og 60 års konf. Offer til Den norske Santalmisjon.

VAKSDAL kl.11.Meidell.Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon.

EKSINGEDALEN kl.16. Norum.Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon.

EIDSLAND kl.17. Meidell.Konfirmant-pres.Offer til Norsk Luthersk Misj.samband.

Laurdag 26.september

NESHEIM kl.20. NLA.Kristian Helland.

27.september - 16.søndag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11.NLA.Kristian Helland

STAMNES kl.11.NLA.Bjørn Tore Sæle.

STANGHELLE kl.11.NLA.Fam.møte.Harriet Garlid

EIDSLAND kl.17.NLA.Kristian Helland

DALE kl.18.NLA.Oddvar J.Jensen.

VAKSDAL BEDEHUS kl.17.NLA.H.Garlid.

4.oktober - 17.søndag etter pinse

STAMNES kl.11.Meidell.Offer til Norges Kr.Stud.og Skoleungd.lag.

NESHEIM kl.11.Norum.Nattverd.Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

VAKSDAL kl.19. Musikkandakt.Meidell.

11.oktober - 18.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11.Norum.Nattverd.Offer til Folkebev.f.livsrett og menneskeverd.

BERGSDALEN kl.11.Meidell.Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.

DALE kl.18. Meidell.Nattverd.Offer til De fire Diakoni-institusjonane.

18.oktober - 19.søndag etter pinse

EIDSLAND kl.11.Fam.gudst.Norum.Offer til Norsk Misj.i Øst.Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.

EKSINGEDALEN kl.11.Fam.gudst.Meidell Offer til Søndagsskulen.Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.

25.oktober - Bots- og Bededag

DALE kl.10.30 Skriftemål. kl.11.gudst.Meidell.Nattverd. Offer til AAN - Alternativ til abort.

STAMNES kl.11.Norum.Nattverd.Offer til Nordhordland Indremisjon.

VAKSDAL kl.18. Norum.Nattverd.Offer til Bibelskulen på Bildøy.

1.november - Helgemessesøndag

STANGHELLE kl.11. Meidell.Nattverd. Offer til Kristent arb.bl. blinde.

NESHEIM kl.11.Vikarprest Skeie.Nattv. Offer til Fagertun leirstad.

8.november - 22.søndag etter pinse

DALE kl.11.Fam.gudst.Norum.Offer til Hjemmenes Dåpsring.Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.

VAKSDAL kl.11.Fam.gudst.Meidell. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok."